## Hagetun-avtale vedteken

19.11.2009

**Etter ei kort handsamingstid vedtok Kvinnherad formannskap torsdag ettermiddag samrøystes samarbeidsavtalen om Hagetun i det gamle hagesenteret i Uskedalen til bustader for vanskelegstilte.**

Kommunen vil då redusera bustadtrongen til vanskelegstilte grupper i Kvinnherad. Det er bustadkontoret som får fullmakt til å administrera avtalen.

Det har hasta, sett ut frå eigarane av området, med å få ein avtale med Husbanken om å vera med på finansieringa av bustadene. No er det pengar til eit slikt føremål.

Dei, som hadde ordet i formannskapet, gav uttrykk for å vera sterkt positive til dette tiltaket - som ikkje skal kosta kommunen noko...